

Arne Torp: *Etternavna våre. Fra Astrup til Åstorp*. Bergen: Vigmostad & Bjørke. 2018. 182 sider. ISBN 978-82-419-1238-2.

Forfattere er pensjonert professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo og i tillegg kjend som ein kunnskapsrik kåsør og føredrags-haldar om språklege emne. Han skulle dermed ha dei beste føresetnadene for å skriva ei populærvitskapleg bok om etternamn. Medan det finst eit mylder av bøker om førenamn, nei, det er inga overdriving, er fagbøker om etternamn så sjeldne at det gjekk mest hundre år etter Olaf Olafsens *Norske slægtsnavne* frå 1922 før den neste vart skriven.

Hovudtittelen *Etternavna våre* skulle signalisera at hovudemnet er norske etternamn i tydinga namn på nordmenn i dag, men meir uklart er tillegget *fra Astrup til Åstorp* som kan tolkast på fleire måtar. Forfattere innser det sjølv og legg til ei forklaring i eit etterord som er interessant nok, nemleg tydingssamanhengen mellom etterledda *rup* og *torp*, den danske forma er utvikla av gammaldansk *thorp* (jf. norrønt *þorp*). Som rimeleg er, legg han også inn sitt eige etternamn i omtalen. At til og med føreleddet *As-* i *Astrup* kan ha opphav i *ås* er eit poeng han ikkje nemner. Undertittelen burde vore forklart tidleg i boka og ikkje i eit etterord.

Tittelen signaliserer heller ikkje den fyldige omtalen av skandinavisk namneskikk, både dansk, svensk og islandsk. Lesarane vil likevel ha stort utbyte av det nordiske perspektivet der Torp har stor innsikt og eit fagleg engasjement.

Torp gjev ikkje eit fullstendig oversyn over utviklinga av norske etternamn og situasjonen i dag, det kan me heller ikkje venta i ei populær framstilling, men har valt m.a. å bruka etternamna i riksforsamlinga på Eidsvoll i 1814 som ein interessevekkjar og eksempelressurs. Det er unekteleg ein god idé, men han ventar likevel til kapittel 8 før han kjem til dette emnet.

I kapittel 1 gjer han greie for grunnen til at han har valt eit bokprosjekt om eit så uvanleg emne som etternamn og ikkje om det langt meir mediefokuserte emnet førenamn. Meir komplisert er det ikkje enn at han har valt etternamn fordi «etternavn er langt mer spennende», og det må vera grunn god nok for ei populærvitskapleg framstilling.

Mange tenkjer ikkje over at ein del etternamn i mange tilfelle fyrst hadde funksjon som tilnamn. Denne overgangen gjer han greie for i kapittel 2 med undertittelen *Alle etternavn starta som tilnavn*, som nok kan

diskuterast. Han brukar døme som *Brun* og *Schwartz* om hårfarge, *Klein* om liten person og yrkesnamna *Smith* ‘smed’ og *Müller* ‘møllar’ for å illustrera det. At ein person som var smed, fekk tilnamnet *smeden* som så festa seg som etternamn, er ikkje så vanskeleg å forstå, men verre er det med den store gruppa etternamn av gardsnamn som i boka hamnar i gruppa ‘stedstilhørighet’. Etternamn av typen *Torp* vert internasjonalt gjerne klassifiserte som bustadnamn, stadnamn eller gardsnamn heller enn tilnamn sidan dei i alle fall her i landet primært oppstod som eit byråkratisk adressenamn, ei opplysning om kvar bonden hørde heime geografisk.

Som spesialist i norrønt språk og norrøn litteratur er det berre rett og rimeleg at *Torp* går nøyare og meir detaljert inn på norrøn namnetradisjon jamvel om etternamn som kategori ikkje eksisterte i Noreg på den tida, fyrst på 1500-talet dukkar dei fyrste, faste etternamna opp som slektsnamn. I neste kapittel følgjer han tråden vidare med den gammalnorske namnetradisjonen som lever vidare på Island. Igjen ligg det på eit vis eit paradoks her sidan islendingane formelt sett ikkje har etternamn jamvel om slektsnamn frå før den islandske namnelova av 1925 vert førde vidare i dag, med *Thorarensen* på topp.

I den kåserande og stundom springande framstilling *Torp* har valt, finst det mange interessante opplysningar og observasjonar, som at det på Island kunne vera «finere å være ‘sen’ enn ‘dóttir’» (s. 46). Han veit vél at interessa for islandsk kultur er stor i Noreg når han kommenterer kjende namn som *Teitur Þórðarson* og det klassiske dømet *Vigdís Finnbogadóttir* og etternamn som *Thorlacius*, men av og til glir han i lengste laget ut på sidelinja når han legg til ei framstilling om bøyning av islandske personnamn, rett nok gråtona for å markera avstand til resten av teksten. Det verkar som han innimellom misser tittelen på si eiga bok av syne. Likevel, dette er ei populærvitskapleg framstilling der hans eiga subjektiv vurdering vil avgjera kva emne potensielle lesarar kan vera interesserte i.

I eit fyldig kapittel om tida fram til 1814 skriv han om oppkomsten av etternamn som *Beyer*, *Friis* og *Holberg* og innvandringa av tysk-danske etternamn med hanseatar og embetsmenn og handelsfolk av alle slag, namn som er godt synlege i dagens Noreg. Kvifor desse prestisjetunge innvandrarnamna ikkje skapte namnemønsteret for folk flest, har *Torp* ikkje noka god forklaring på. Han tyr derfor til Kristoffer Kruken, professor i namnegransking, som heller ikkje kan gje ei eintydig forklaring,

men legg vekt på m.a. busetnadsstrukturen i Noreg med spreidde og avstengde bygder og einbølte gardar som opphav til typen gardsnamn. Heile brevet frå Kruken er attgjeve s. 130–132.

Noko av det mest interessante – igjen ei subjektiv vurdering – er kapittelet om eidsvollsmennene der han kommenterer og katalogiserer etternamna både typologisk, sosialt og geografisk og etter yrke, frå *Anker*, *Falsen* og *Stoltenberg* til *Amundrød* og *Apeness*, og konkluderer med m.a. at førenamn + farsnamn + adressenamn er namnemønsteret for dei fleste bøndene og lensmennene som møtte. Alt for 200 år sidan ligg dermed det særnorske systemet med bruken av gardsnamn som etternamn føre i eit maktforum som riksforsamlinga på Eidsvoll.

I det lange kapittelet om etternamn i Skandinavia i dag kommenterer han skilnader og likskapar, namn på topp, frekvens og namnetypar, med særleg fokus på patronymfrekvensen og linjer til andre land. Typen patronym som etternamn gjer at forfattaren lett glid over i detaljerte omtalar av og kommentarar til personnamngruppa førenamn.

I kapittel 8 kjem han fram til vår tid med namnelova av 1923 som påbaud faste etternamn, utviklinga mot likestilling i namnevalet frå 1964, bruken av nylaga namn (typen *Jagland*) og framover mot den liberale namnelova frå 2003 som gjeld i dag.

Til vår tid høyrer også innvandrarnamn frå kulturar utanom Europa, vietnamesiske, muslimske (arabiske), somaliske o.a. som han knytter kommentarar til. Her kjem lingvisten til sin rett når han forklarar ordstrukturen i arabisk og det kompliserte systemet i vietnamesisk med minst fem ordtonar og korleis dei kjem fram i skrift.

Til slutt forklarar han skrivemåten av etternamn før og nå og korleis eldre skrivemåtar framleis set tydelege merke i namnepar som Lie : Li, Dahl : Dal, Wiig : Vik. Slike namnepar forklarar han på ein god måte, men også her greier han ikkje motstå freistinga til eit sidesprang for spesielt interesserte, denne gongen om bokstaven *h* m.a. i latin og *th*-lyden i germanske språk.

Det er i meste laget med gjentakingar i teksten, som kan ha bakgrunn i kåserisjangeren. Han framhevar fleire stader likskapen i skandinaviske etternamn og grunngjev det med dominansen av patronym på frekvenslistene i dei tre skandinaviske landa, slik det er i fleire andre europeiske land. Men når me ser forbi namna på topp, dukkar det opp eit heilt anna

bilde med klare skilnader landa imellom, og dessutan skil Norden seg her tydeleg ut frå europeisk etternamnstruktur.

Med større rett kan ein seia at etternamna dei tre landa imellom er svært ulike trass i at nasjonalspråka berre er variantar av same språket. I Noreg utgjer adressenamna (gardsnamna) den vanlegaste typen, som knapt finst i Sverige og i liten grad i Danmark, i Sverige dominerer kunstnamna stort, ein type som manglar heilt i Noreg og Danmark, og Danmark er «det landet i Europa der prosentdelen av de alminneligste slektsnavna er høyest» (s. 117). Dette samsvarer rimeleg godt med vanlege folks oppfatning av etternamna i desse landa. Forfattaren kommenterer rett nok desse skilnadene, men dei kjem ikkje tydeleg fram før i siste delen av boka. På denne bakgrunnen ser kommentaren s. 129 om at «patronymer dominerer veldig sterkt som etternavn i hele Skandinavia» upresis ut når 70% av norske etternamn i 1993 var av typen gardsnamn.

Nokre feil finst innimellom. Torp hevdar s. 116 at eit skandinavisk etternamn som endar på *-gaard*, er «nesten garantert dansk», men det stemmer ikkje heilt. Eit søk i *Norsk etternamnleksikon* (NEL) får over 200 treff på *-gaard*, berre ein mindre del av dei er av dansk opphav. Det verkar ikkje som Torp på s. 161 er klar over at *Bugge* òg kan ha opphav i dei norske gardsnamna *Bogge* i Nesset og *Bugøynes* i Sør-Varanger, og *Blom* på s. 160 kan ha opphav i gardsnamnet *Blom* i Øygarden. Det kjem i alle høve ikkje fram av kommentarane. På s. 161 heiter det at *Gaup*, *Hætta* og *Sara* er dei tre einaste samiske etternamna med over 200 namneberarar i Noreg, men det er nok fleire, sjå NEL s. 19. Det må vera ein formuleringssklipp når forfattaren m.a. på s. 16 og 126 slår fast at det engelske *Smith* er det vanlegaste etternamnet i verda, her meiner han nok av yrkesnamna. Adelskapet vart vel ikkje «avskaffa» med grunnlova i 1814 slik han seier på s. 55, men etter stortingsvedtak i 1821.

I litteraturlista saknar eg Eva Bryllas bok *Andersson, Pettersson, Lundström och ... Beachman. Om nordiska efternamn i sin europeiska omgivning* frå 2009, som er den einaste som kan samanliknast med Torps bok, dessutan den einaste av nyare dato om nordiske etternamn som fanst før denne boka.

Ei framstilling om etternamn må nødvendigvis innehalda eit omfattande materiale, både som døme og til statistiske oversyn. Det er uheldig at boka ikkje har eit skikkeleg register over dette materialet som folk kunne gjera enkle oppslag i. Eg er nokså sikker på at mange lesarar vil

søkja opplysningar om eige etternamn, men det vil dei ikkje finna utan å finles eller skumles teksten. Framstillinga er både ei bok til å lesa og ei bok til å slå opp i.

Boka er skriven i eit enkelt og munnleg språk som det sømer seg ei populærvitskapleg framstilling, rett nok med ein del meir krevjande filologiske sidesprang for dei spesielt interesserte. Her er morosame kommentarar, les t.d. s. 72 om Svendsen frå Iglerød, artige opplysningar og faglege utgreiingar på alle nivå, frå det lærde til det folkelege – altså noko for alle!

Det var sanneleg på tide at det kom ei populærvitskapleg bok om personnamn med vekt på etternamn som kan løfta kunnskapsnivået i eit forsmømt emne i norsk personnamnkultur.

*Olav Veka*